

Fra: Jon Harald Kjærland[jon.harald.kjaerland@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 28.08.2019 12:15:17
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: VS: Kvinnherad prestegard Malmanger - ny garasje

Hei
Fint om de kan oppretta ei arkivsak på denne; gjeld forespørsel om garasje på 89/103 – Malmanger, Rosendal, Opplysningsvesenets fond.

Med helsing

Jon Harald Kjærland
Senior ing., verksemd Forvaltning,
Mobil +47 900 26 923



Fra: Jan Stedje <jan.stedje@ovf.no>
Sendt: onsdag 28. august 2019 11:48
Til: Jon Harald Kjærland <jon.harald.kjaerland@kvinnherad.kommune.no>
Emne: Kvinnherad prestegard Malmanger - ny garasje

Hei!

Viser til telefonsamtale og sender skisser av plan for ny garasje ved Kvinnherad prestegard Malmanger. Som me snakka om på telefon så ynskjer me ein forhandsuttale på planen, og plassering av garasjen nær vegen. Erlend Hofstad hjå fylkeskonservatoren har vore på synfaring i prestegarden, han hadde i utgangspunktet ingen merknad til plassering men forventa å få oversendt byggesøknaden når den tid kjem.

Sitplan/analyse: Vegen forbi prestegarden ligg i eit kulturlandskap med bygningar tett på vegen («veggar i vegen») låg fart, vegen svingar både horisontalt og vertikalt. Me ynskjer å byggja vidare på «veggar i vegen» ved å leggje rekkverk og garasje så langt ut mot vegen som me får lov til. Dette vil vil truleg forsterke følelsen av den gamle vegen, og samtidig får me god avstand til dei freda bygningane i tunet.



Plan, snitt og fasadar:

Garasjen er samansatt av to volum. Eit lågare pulttak mot vegen for å dra ned skalaen, og eit tradisjonelt saltaksbygg til biloppstilling for to bilar. Taket er tenkt tekka med skifer, veggjar med liggjande kledning med varierende breidder 175-200-225 mm, endevegg under skråtak forblenda med stein.

Vonar de får tid til å diskutere planen på førstkomande mandag.
Ser fram til tilbakemelding!



Med venleg helsing

Jan Stedje Prestegardsinspektør ☎ mobil 95703272 ✉ jan.stedje@ovf.no
Opplysningsvesenets fond Rådhusgata 1-3, Postboks 535 Sentrum, 0105 Oslo
www.ovf.no